

Fantastisk elende

Billettane til førpremiera vart rivne vekk, og onsdag kveld var det eit fullsett Moster Amfi som fekk sjå og høyre historia om dei elendige, Les Misérables. Dei som har billettar til framføringa kan gle seg. Dette var strålande.

Av Håvard Hammarstrøm/Bømlo Nytt

Interessa for årets oppsetnad av Les Misérables i Moster Amfi har vore enorm, og i desse dagar er det knapt nok billettar å få tak i på "svartebørsen". Er ein riktig heldig kan ein kanhende få kjøpt ein og annan uavhenta billett, eller igjennom privatannonser i avisene. Onsdag, same dag som førpremiera, eller generalprøva om ein vil, vart det sett inn annonser i lokalpressa der det vart kunngjort at ein kunne få kjøpt billettar til denne førestillinga også. Og billettane vart rivne vekk i rekordfart. Det var såleis eit fullsett Moster Amfi som såg

førpremiera onsdag kveld. Og dei som hadde kjøpt billettar vart ikkje skuffa. Alle, bade på og bak scena, leverte ei strålande førestilling. Ein kan ikkje unngå å bli imponert over kva Bømlo Musikal Laug her har fått til ved hjelp av såvell okale som profesjonelle krefter. Det er ingen tvil om at det ligg mykje arbeid bak dei framføringane som no går av stabelen i Moster Amfi. Alle som har stått på, bade på dugnad og på heiltid, for at framsyninga skal kunne la seg realisere fortener honnør. Dei fleste som var i amfiet onsdag kveld kunne vere samde om at dette var ei fantastisk oppleving.

Stor innleving

Skodespelarane, både hovudrolleinnehavarane og resten av ensemblet, imponerte stort. Dei framsto med stor innleving i rollene sine. Rein Alexander spelte strålande i hovudrolla som Jean Valjean. Den straffedømte mannen som slår seg opp og blir velstående, men som stadig må vokte seg for den stolte politimannen Javert, glimrande framstilt av Ståle Ytterli. Helge Jordal er også i år fantastisk morosam å sjå til i rolla som herr Thenardier, og saman med Elin Hestflått som kona, fru Thernardier, er dei to ein uslåeleg kombinasjon. Også Britt Synnøve Johansen i rolla som Eponine imponerer. Det same gjer Heine Totland som Marius, Margrete Lund Skorpen som Cosette, Grethe Svendsen som Fantine og Sigurd Sele som opprørsleiaren Enjolras. I det heile gjer alle skodespelarane eit sterkt inntrykk. I ensemblet vart underteikna særskild imponert over Bjørn Håvard Bjørklund i rolla som biskop Feuilly.

Sterke inntrykk

Bak scena spelte orkesteret flott under leiing av dirigent Eivind Gullberg Jensen. Lyssettinga fungerte perfekt, og det er noko heilt spesielt å sitje kring midnatt i Moster Amfi og kunne leve seg inn i kampane på barrikaden. Det må ha vore ei stor utfordring å stå for den lydtekniske biten av denne førestillinga, men stort sett fungerte alt greit under førpremiera. Publikum lot seg ikkje merke av eit par mindre lydtekniske problem undervegs, og under premiera i går kveld var nok desse rydda av vegen. Kostymane var flotte å sjå til, og skodespelarane virka godt budde. Totalinntrykket var overveldande, og dei som har billett, men som enno ikkje har sett stykket, kan gle seg. Dei som såg stykket i fjor og venter same framføring i år vil nok få seg nokre små overraskingar undervegs. Det er gjort nokre mindre endringar i framføringa, som underteikna tykkjer fungerte særst godt. Dei som skal sjå førestillingane i dagane framover har ei flott oppleving i vente! Publikum reiste seg og ga aktørane trampeklapp natt til torsdag. Med ei så god oppladning under førpremiera må kvar førestilling bli ein fest for dei tusenvis av publikumarar som inntek Moster.